



BRUVIKNIPA OPP MOTBAKKELOP

Søndag 18. juni 2017

**Ved «ekstremt» ver løpsdagen kan løpet verta avlyst
eller korta ned (halveis)**

Osterøytrimmen 2017 sin post 6 er på Bruvikenipa.

Klasseinndeling: Konkurransklasse med tidtaking.

Nedre aldersgrense i klasse med tidtaking er 15 år (d.v.s. f. 2002).

Løypeopplysning:

Høgdemeter 818m, Løypelengde ca 4km (4080m GPS målt)

(0,5km asfalt, 2 km gras/sti, 1,5 km grus/fjell).

Løypa går frå kaien og føl gamle vegen opp dalen og deretter "rett på" nipa. Løypa har ingen farlege parti. Det er ingen våte parti. Start på kaien på Bruvik 2 m.o.h.

Meir opplysningar på websida til løpet <http://osteroyil.no/?mapping=550>

Start:

Kaien på Bruvik

Tur utan tid: kl 10.00 - 12.00

Trim/mosjon med tid: kl 13.00

Startkontingent:

kr. 50,- pr. deltakar utan tidtaking

kr. 150,- familie

kr. 150,- pr. deltakar med tidtaking som har lisens (kr. 180,- pr. deltakar som ikkje har lisens). Ikkje krav til sekk i 2017.

Kto for innbetaling som kan nyttast er friidrettsgruppa sin
konto 3632.54.62064.

Det kan og betalast kontant ved påmelding stevnedagen.

Påmelding:

Påmelding i startområdet fram til start

Parkering: Størst og best kapasitet ved Bruvik kyrkje.

Premiering til dei tre beste menn og kvinner + nokre gåvepremiar.

Takk til støttespelarane våre!

